

Thomas Agnar Fjeldsbø  
Vahaugen 21  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3622 - 21/36143

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
31.05.2021


## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 212/107 Eikanger øvre

**Tiltak:** Garasje  
**Byggjestad:** Gbnr: 212/7  
**Tiltakshavar:** Thomas Agnar Fjeldsbø


Kommunen stadfestar å ha motteke søknaden din 22.04.2021. Vi beklagar sein tilbagemelding.

Då søknaden ligg innanfor bandleggingssona for framtidig trase for E39 er søknaden send på uttale til Statens vegvesen, jf. føresegn 4.3.1 i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031. Høyringsfristen er 4 veker.

**Kartutsnitt der omsøkt garasje er vist**



**Kartutsnitt med leidningsnett**



## Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grunnlagt søknad om dispensasjon.  
Ved behandling av søknaden vil kommunen ta stilling til om omsynet bak byggegrensa vert sett vesentleg til side, og om fordelane ved tiltaket er større enn ulempene. Du må ta utgangspunkt i dette når du grunnlegg søknaden.
2. Tilbakemelding på om garasjen skal plasserast på allereie planert terreng eller om det skal utførast terrenginngrep. Ved terrengarbeid må det sendast inn terrengprofil. Planeringshøgda må gjevast opp.
3. Avstand mellom garasje og offentleg leidningsnett må vera minst 4 meter, viss ikkje må det søkjast om dispensasjon frå standard abonnementsvilkåra.
4. Garasjen må plasserast slik at det er plass til ein bil mellom veg og garasje.

Ved innteikning av garasjen i kommunen sin tiltaksbase ser vi at situasjonsplanen viser ein garasje som er oppgitt til ca. 4,8 m x 7,8 m. Storleiken på garasjen må korrigerast i samsvar med teikningsgrunnlaget.

Vi vil tilrå at du forskyv garasjen slik at han kjem innanfor byggegrensa. Tiltaket vil då ikkje krevja dispensasjon, det vil vera plass til ein bil framfor garasjen, og tiltaket kjem ikkje i konflikt med offentleg leidningsnett. Vi gjer elles merksam på at kommunen vil fakturera eige gebyr for behandling av søknaden om dispensasjon. Gebyret er per dato på kr 17 000,-, og vert fakturert ved både løyve og avslag.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.07.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

## Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Thomas Agnar Fjeldsbø

Vahaugen 21

5913

EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Thomas Agnar Fjeldsbø

Vahaugen 21

5913

EIKANGERVÅG